

147 deltok i Postvegløpet



Konkurranseløparane legg av garde frå Skogstjerna.

Alle rekordar vart slått i Postvegløpet i Markane onsdag. 54 stilte i konkurranseklassen og 93 i trimklassen.

Ove Sveen
ove.sveen@fjordingen.no

I fjor fullførte i alt 107 løparar. Dermed vart rekorden slått med 40 deltakarar. Ingen tvil om at både idrettsfolk og mosjonistar trivst utanfor asfalten. Det var mange spennande duellar i løpet. Før den siste bakken opp til Skogstjerna frå Skogtun, var det usikkert kven som skulle gå av med sigeren i herreklassen. Då fekk Johan Eirik Meland bruk for styrken han hadde etter mange trimturar på Melandsetra og slo Isak Flo Bødal med 8 sekund. Merete Helgheim vann dameklassen etter eit knallgodt løp.

- Må auke mengden

– Han tok meg opp bakken. Johan Eirik var rett og slett meir eksplosiv, sa Isak Flo Bødal. Begge skiskytarane skal til hausten bu og trene på Lillehammer. Johan Eirik får støtte frå A Team Statkraft Lillehammer, medan Isak skal fullføre siste året på Idrettsfag ved NTG.

– Eg skal til Lillehammer alle-reie til helga og snakke med trenar Knut Tore Berland. Trur vi skal få til eit godt opplegg, også i samarbeid med Anders Vonheim, sa Johan Eirik. Han la til at treningsmengden i mai "berre" hadde vore på 35 timar.

– Det er lite når vi har vore oppe i 70 timar i månaden i september/oktober. Vi får satse på Nibeløpet neste helg.

Reiser til Finland

Isak Bergset var ikkje langt bak tetduoen i mål. O-løparen bur no og studerer i Trondheim. Det gjev også motivasjon til sterk satsing på o-sporten.

– Nivået er høgt på løparane i NTNU og det er veldig kjekt å få



Margaret Skåre og Per Jarle Ytreeide Hansen deltok i mosjonsklassen.



Glade mosjonistar i Postvegløpet. Frå venstre: Aurora Sølvyberg Spilde, Heidi Fjellvang og Matilde Fjellvang.



Dei sprang raskast i postvegløpet. Frå venstre: Isak Bergset, Johan Eirik Meland, Heidi Flo Bødal, Merete Helgheim og Isak Flo Bødal.

matcha seg, seier Isak. Neste helg skal han vere med på det eine av sju seniorlag frå NTNUI til Jukola i Finland. Her vert verdas største o-stafett avvikla med over 1600 lag. Det er lagt opp til sju etappar der dei fire første går om natta, fortel Isak.

Sterke dameløparar

I målområdet ved Skogstjerna

var det mykje god idrettsprat etter løpet. Dei fleste kjenner kvarandre godt frå mange lokale konkurransar. Merete Helgheim drog sigeren i land i kvinneklassen før Heidi Flo Bødal.

– Beina var godt med i dag, men dette var første gongen eg deltok i postvegløpet. Det blir mest til at eg satsar i motbakkeløp. Kanskje stiller eg i Rett Vest til helga,

men det er Molden Opp i Sogn neste helg som freistar mest, sa Merete. Også Heidi Flo Bødal skal som broren flytte til Lillehammer til hausten. Det blir studiar ved Høgskulen og kanskje ei kontrakt med B Team Statkraft Lillehammer.

– Dette var den første hardøkta på beina i år, og det gjekk litt tungt, smilte Heidi.

Postvegløpet 2013

G13-15

1 Simon Hjelmeset	
2 Aksel M. Meland, Markane	27,02
3 Matias Hildago IL Veten	28,19
4 Magnus Seljeset	
Hornindal IL	28,52
5 Erlend Bakken IL Veten	30,38
6 Håkon Midthjell Gjørven Markane	30,57
7 Runar Tvinneim	
Hardbagg IL	30,59
8 Eirik Buntemeier	
Stryn T&IL	31,03
9 Vegard Lødøen Flo	
Stryn T&IL	31,45
10 Vegar Skrede Hardbagg IL	32,08
11 Torje Seljeset Hornindal IL	32,28
12 Atle Kroken Markane	32,42
13 Eskil Solheim Kveen	
Stryn T&IL	33,44
14 Sander Øen Ormberg	
Stryn T&IL	39,46

G16-18

1 Isak Flo Bødal Stårheim IL	22,37
2 Helge Kvam Karbø	
Sunnlyven	24,56

Klasse M19-34

1 Johan Eirik Meland Markane	22,29
2 Isak Bergset IL Veten	22,57
3 Kenneth Vedvik Eid	26,51
4 Sadik Abagnachis Jølster IL	28,06
5 Helge Kroken Markane	35,59

Klasse MV35-49

1 Rune Aase Kalhagen	
Nordfjordeid	25,25
2 Roy Aron Myklebust	
Stryn T&IL	25,31
3 Joar Sunde Olden	25,54
4 Kim Øyvind Larsen Eid IL	27,16
5 Jan Sunde Jølster	27,23
6 Svein Lødemel Markane	27,40
7 Marcus Vedeler Nordfjordeid	28,03
8 Anders Bergset IL Veten	28,29
9 Per Jakob Kyrkjede	
Markane	29,09
10 Torstein Tvinneim	
Hardbagg	29,20
11 Edvar Tvinneim	
Hardbagg	29,46
12 Frode Kvalheim Almenning	31,03
13 Even Nesje Markane/	
Stryn energi BIL	31,39
14 Johnny Seljeset Hornindal	32,28
15 Ulf Magne Eikås	
Stryn T&IL	35,19
16 Bernhard Hole Markane	36,05

Klasse MV50-59

1 Per Ingebrigte Karbø	
Sunnlyven	25,39
2 Kjell Navelsaker Jølster	27,33
3 Einar Strand Olden	27,44

Klasse MV60-69

1 Inge Asbjørn Haugen	
Hornindal	30,52

Klasse MV70-

1 Pekka Kiviranta Lillehammer	49,21
-------------------------------	-------

Menn FH 19-34

1 Ivar Ulvedal Veten	39,35
----------------------	-------

Klasse J13-15

1 Christine Humborstad	
Stryn T&IL	28,56
2 Julie Haugen Hornindal	32,18

Klasse K19-34

1 Merete Helgheim Gloppen	25,06
2 Heidi Flo Bødal Stårheim	26,35
3 Elisabeth Hildenes Eid	27,33
4 Annikken Hjellbakk Hole	
Sunnlyven	27,58

Klasse KV35-49

1 Oddrun Kristin Haugen	
Hornindal	32,19

Klasse KV50-59

1 Aslaug Thingnes Bø	
Markane	31,20

Grodås Cup 22. og 23. juni

Etter ein pause i fjor, er det igjen klart for Grodås Cup i Hornindal den 22. og 23. juni. Ny kunstgrasbane og ny fleirbrukshall vil gje turneringa eit lyft. Det er klart at keepertrenar for det norske herrelandslaget Frode Grodås og Idolstjerne Georg Lipai skal kaste glans over arrangementet.